



Aage Bredor Børsheim
Ekregaten 15
5036 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2299 - 22/20565

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
11.03.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 1/126 Flatøy

Tiltak: utsetting av flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 1/126
Tiltakshavar: Aage Bredor Børsheim
Ansvarleg søkjar:

Beklager sein tilbakemelding på status i sak.

Kommunen har kontrollert søknad og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknad vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om utviding av kai/brygge må supplerast med naudsynte ansvarsrettar for SØK, PRO og UTF. Dersom det ikkje vert nytta fagkyndig føretak, kan det alternativt søkjast om å stå ansvarleg for tiltak som sjølvbygger, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §6-8. Sjå meir om krav for sjølvbygger her: <https://dibk.no/regelverk/sak/2/6/6-8/>

Legg ved skjema for erklæring av ansvarsrett som vedlegg.

2. Søknad om utviding av etablert kai må supplerast med dispensasjon frå byggegrense mot sjø som vist i kommuneplankart, jf. føresegn 4.7.2 i kommuneplan for Meland. Søknad om dispensasjon må nabovarlast i samsvar med plan- og bygningslova §21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5184-Ansvarsrett, selvby#9E34E3

Mottakarar:

Aage Bredor Børsheim

Ekregaten 15

5036 BERGEN